

## **Del I. Kunstprosjekt**

### **Pkt. 1 Formål**

Ordninga skal stimulere til produksjon av kommunale og fylkeskommunale kunstprosjekt av høg kvalitet.

### **Pkt. 2 Kva kan ein søke om?**

Ein kan søke om tilskot til:

- forprosjekt (planlegging og utvikling av kunstprosjekt)
- planlagte kommunale og fylkeskommunale prosjekt

Ein kan også søke om kompetansebistand til produksjon eller koproduksjon.

### **Pkt. 3 Søknadsfrist**

Utlysinga blir publisert på nettsidene til KORØ. Det er éin søknadsfrist i året, normalt 1. februar.

### **Pkt. 4 Krav til søknaden**

Ein må nytte elektronisk søknadsskjema. Søknaden må innehalde:

- utdjupande kunstfagleg projektskildring utarbeidd av kunstfagleg prosjektleiar med dokumentert tilstrekkeleg og relevant kunstfagleg kompetanse
- CV kunstfagleg prosjektleiar
- prosjektbudsjett og søknadssum
- kortfatta framdriftsplan med viktige milepælar

### **Pkt. 5 Søknadsbehandling**

Søknadene blir behandla av eit sakkyndig utval nedsett av KORØ. Utvalet består av tre kuratorar frå staben til KORØ.

### **Pkt. 6 Tildelingskriterium**

I tillegg til dei årlege prioriteringane som kjem fram av utlysinga, blir det lagt vekt på at kunstprosjekta har høg kunstfagleg kvalitet og speglar eit mangfald innanfor samtidskunsten. Det blir også lagt vekt på at budsjettet og framdriftsplanen verkar realistiske, og at prosjektet verkar gjennomførbart.

### **Pkt. 7 Gjennomføring**

Kommunen eller fylkeskommunen som får innvilga middel og/eller produksjonsbistand, har ansvar for gjennomføringa av prosjektet og bestemmer korleis gjennomføringa skal organiserast. Det er eit krav at prosjektet blir leia av ein kunstfagleg prosjektleiar.

Kommunen/fylkeskommunen engasjerer sjølv kunstfagleg prosjektleiar. Kunstfagleg

prosjektleiari skal minimum bli lønna etter honorarsats per time avtalt mellom kunstnarorganisasjonane og Kulturdepartementet, og rammebudsjettet for kunstfagleg prosjektleiing skal normalt vere på 10-15 % av kunstbudsjettet.

Kunstfagleg prosjektleiari skal normalt ha ansvar for å utarbeide prosjektskilddinga som skal inngå i søknaden, leie arbeidet med å skaffe og produsere kunst, vere involvert i formidlinga av prosjektet og rapportere til prosjekteigaren.

Kunstprosjekt som får støtte, skal normalt vere ferdigstilte innan tre år etter at søknaden er innvilga.

### **Pkt. 8 Rapportering og utbetaling av tilskot**

Tilskotmottakar pliktar å sende sluttrapport til KORO innan tre månader etter at prosjektet er fullført. Her skal budsjett, rekneskap samt dokumentasjon av kunstprosjektet, inkludert både tekst og foto, inngå.

Utbetaling av tilskot til kunstprosjekt skjer normalt etter at KORO har mottatt sluttdokument og betalingsoppmoding frå prosjekteigaren. Søkaren må oppgi kva for kontonummer tilskotet skal bli betalt til, i oppmodinga. I særlege tilfelle og etter avtale kan delar av tilskotet bli utbetalt tidlegare.

### **Pkt. 9 Brot på vilkår mv.**

Dersom tilskotmottakaren i vesentleg grad bryt vilkåra for tildeling, kan KORO trekke tilbake støtta, eventuelt krevje at støtta blir heilt eller delvis tilbakebetalt. Dersom tilskotmottakaren sin del i prosjektet blir redusert etter at KORO har gitt tilsegn, kan tilsegna frå KORO bli revurdert, eventuelt falle bort.

## **Del II. Formidlings- og kompetanseutviklingstiltak**

### **Pkt. 1 Formål**

Tilskot til formidlings- og kompetanseutviklingstiltak skal bidra til auka kunnskap om og interesse for kunst i offentlege rom. Tilskotet er retta mot regionale og lokale miljø.

### **Pkt. 2 Kva kan ein søke om?**

Kommunar, fylkeskommunar, kunstsentrum og andre ansvarlege aktørar innanfor kunstfeltet kan søke om tilskot til formidlings- og kompetanseutviklingstiltak (foredrag, kurs, seminar, konferansar m.m.) som bidrar til kunstfagleg utvikling og kunnskap om kunst i offentlege rom. Eigendelen til søkeren må dekke minst 20 % av totalbudsjettet.

KORO ser det som ein fordel at tiltaket blir arrangert av kommunen/fylkeskommunen og kunstsenteret/kunstinstitusjonen i eit samarbeid.

### **Pkt. 3 Krav til søknad**

Søknaden skal skildre formål, innhald og konkret gjennomføringsplan for tiltaket. Opplysningar om arrangør, samarbeidspartnarar og budsjett skal følgje med. Ein sender søknaden til [post@koro.no](mailto:post@koro.no).

**Pkt. 4 Rapportering og utbetaling av tilskot**

Sluttrapport med budsjett og rekneskap og dokumentasjon av utviklingstiltak blir sendt på e-post til KORO innan tre månader etter at prosjektet er avslutta. Utbetaling av tilskot skjer så etter oppmoding frå søkaren. Søkaren må oppgi kva for kontonummer tilskotet skal bli betalt til, i oppmodinga. Ved behov kan delar av tilskotet bli utbetalt tidlegare.

**Pkt. 5 Søknadsbehandling**

Søknad om tilskot til kunstfaglege formidlings- og kompetanseutviklingstiltak blir behandla fortløpande.

**Pkt. 6 Bortfall av støtte**

Dersom tilskotmottakaren i vesentleg grad bryt vilkåra for tildeling, kan KORO trekke støtta, eventuelt krevje at støtta blir heilt eller delvis tilbakebetalt. Dersom tilskotmottakaren sin del i prosjektet blir redusert etter at KORO har gitt tilsegn, kan tilsegna frå KORO bli revurdert, eventuelt falle bort.